



Alle konfirmantane samla til informasjon og prøve torsdag 3. september. Namna er lagt ut på uskedalen.no tidlegare.

14 konfirmantar i to grupper med inntil 14 inviterte gjester på kvar av dei. Det var ramma rundt ein annleis konfirmasjon på mange måtar. Presten, Reidar Ådnanes, bygde talen sin på orda frå Johannes, kap. 14: Eg er vegen, sanninga og livet - store ord på ein stor dag der ein legg lista høgd og vil finna meining med livet.

Uskedalen.no har vald å dela innlegget frå dagens konfirmasjon i to bolkar. Bolk ein om alle konfirmantane, gruppe 1 og sjølvje talen. Bolk to om gruppe 2 og soloinnslaga av Nils Raine Stûter Vågen og Thea Træeen.

Konfirmantane og kyrkjelyden svært lydhøyre då presten i sin tale henta fram to namn frå nyhendebilete dei siste vekene, to personar med namnebrør i den kristne trua. Det var Nikolai Tangen, (St. Nicolai) nyleg tilsett som sjef for Oljefondet, og Petter Nortug (apostelen Peter) skihelten som innrømma å ha vanskar i livet. Begge har nådd toppen i livet, men ber likevel på ei uro i alt som skjer. Tangen er motivert for jobben, men må gi avkall på mykje av det han eig. Nortug vil finna ein betre veg. Begge har eit mål om å finna meining med livet.



Gruppe 1 med konfirmasjonsgudstenesta kl. 11.00. Anna Elisabeth Samland Eik, Fredrik Simensen Haugland, Johannes Legland, Oliver Enes, Pål Ingmar Haugland, Ruth Maria Myklebust, Sivert Stensletten, Tobias Hella Berge-Soldal.

Sigmund Myklebust og Eli Roseth Eik frå Soknerådet overrekte kvar confirmant rose og boka Høyr kor kyrkjeklokka lokkar, Uskedal kyrkje 1914 - 2014. Klokkar Berta Haugland sa fram helsing og takka for tida ein hadde hatt saman.

Kantor Eva Megyesi spelte til inngang variasjon over Go tell it in the Mountain og til utgang variasjon over salmen Vår Gud han er så fast ei borg.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Geir Enes/ Sigmund Myklebust/ Kristian Bringedal



Med plassering etter smittevernreglane var alle tildelte sine benker i kyrkja.